



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato: 11.06.2014
Tid: 15:00 – 17:50

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Leiar	H
Agnar Aarskog	Nestleiar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Harald Rydland	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sigurd Andre Maraas	Lars Ove Rimmereid	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Bente Fitjar	Møtereferent

Wenche Tislevoll

Sigurd Andre Maraas

Arne Prestbø

Bente Fitjar
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 62/14	Godkjenning av protokoll	
PS 63/14	Meldingar	
PS 64/14	Revidert budsjett 2014	
PS 65/14	Kommunereform i Sunnhordland	
PS 66/14	Høyring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma	
PS 67/14	Utviklingsprogram for byregionar - Stord - lokomotiv for vekst og utvikling?	
PS 68/14	Tariffoppgjeret 2014 - lokale forhandlingar	
PS 69/14	Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	
PS 70/14	Sommarfullmakt 2014	
PS 71/14	Tilgodehavande ***** Forslag til minneleg løysing.	X
PS 72/14	Ymse	

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Det vart meldt inn ei ekstra sak i møtet – Tilgodehavande ***** Forslag til minneleg løysing – denne er unnateke offentlegheit og handsamast til slutt i møtet.

PS 62/14 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møtet 20.05.2014.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 63/14 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Følgjande vart meldt i møtet:

Brev frå IMDI, Oppmoding om busetting av flyktningar i 2014 og 2015

- administrasjonen vart oppmoda frå formannskapet om å gi tilbakemelding til IMDI om at kommunen jobbar med utgreiing av denne saka.

Melding om skatteinngang mai 2014

- Rådmann Atle Tornes svara på spørsmål frå formannskapet.

Forskrift om distriktsretta investeringsstøtte og regional transportstøtte

Samarbeid om eventuell ny båt til bruk i Fitjarøyane

- Rådmann Atle Tornes orienterte.
- Framlegg frå formannskapet om å leggja kostnaden inn i investeringsbudsjettet for 2015, vert teken inn i sak 64/14.

Notat – Handsaming av søknad frå Fitjar Festivalforening om skjenkeløyve Etablering av interkommunal legevakt og ø-hjelpesenger i tilknytning til Stord sjukehus.

Orientering frå rådmannen:

Vedk. sal av deler av tomt i Fitjarstølane – kjøpar har trekt seg.

Brev frå Riksantikvaren dat. 27.05.14, Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland – høyring av framlegg til område - informasjon om høyringa sendast medlemene i formannskapet.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 64/14 Revidert budsjett 2014

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek å endre budsjett for 2014 i tråd med saksutgreiing, til følgjande:

Budsjettskjema 1A	
Konto	Rev. Budsjett 2014
Skatt på inntekt og formue	-73 667 000
Inntektsutjamning	-749 000
Eigedomsskatt	-14 356 218
Ordinært rammetilskot	-95 107 000
Sum frie disponible inntekter	-183 879 218
Renteinntekter og utbytte	-2 028 000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 180 030
Tap finansielle instrument	999 750
Avdrag på lån	7 714 561
Netto finansinntekter/-utgifter	10 866 341
Til dekning av tidlegere års regnskapsmessige meirforbruk	
Til ubundne avsetjingar	0
Til bundne avsetjingar	11 917
Bruk av ubundne avsetjingar	-578 301
Bruk av bundne avsetjingar	-1 854 569
Netto avsetjingar	-2 420 953
Overf. til investeringsrekneskopen	
Til fordeling drift	-175 433 830

Budsjettskjema 1B	
Konto	Rev. Budsjett 2014
Tilleggs- og nye løyvingar (A-1000)	3 325 000
Sum politisk leing	2 931 081
Sum Administrasjon	10 646 579
Sum skule og oppvekst	66 452 531
Sum plan, utvikling og miljø	20 274 032
Sum VAR	469 067

Sum pleie- og omsorg	78 035 825
Sum kultur	2 756 579
Sum økonomisk forvaltning	-10 112 864
Pensjon	656 000
SUM Forbruk i driftseiningane	175 433 830
Meir-/mindreforbruk	0

Kommunestyret vel 5-års swaprente + 0,5 %-poeng som internrente for VAR.

Kommunestyret vedtek å ikkje setje av noko til skulefondet.

Kommunestyret vedtek å nytta:

- 478.301,- av disposisjonsfondet.
- 25.000,- av bunde skulefond.
- 100.000,- av velferdsfond til sjukeheimen.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Leiarane i administrasjonen orienterte om endringar i revidert budsjett for sine område, og svara på spørsmål frå formannskapet. Formannskapet drøfta dei ulike tiltaka.

Framlegg frå representanten Harald Rydland (KRF) på vegne av KRF og FRP:

Driftsbudsjettet:

Laurdagsbading for småskuleborn og foreldre: kr. 20.000,-
 - Inndekning frå disposisjonsfond.

Investeringsbudsjettet:

2014 – Planlegging av ny veg til Dåfjorden kr. 500.000,-
 2015 – Tilskot til arbeids-/beredskapsbåt kr. 250.000,-
 * det vert sett som vilkår at Friluftsrådet og andre går inn med kr. 500.000,-.
 - Inndekning frå disposisjonsfond.

Rådmannen kom med følgjande tillegg til framlegg, jfr. meldingssak:

Investeringsbudsjettet 2015:

Delinvestering til arbeids- beredskapsbåt kr. 250.000,-
 * det vert sett som vilkår at Friluftsrådet og andre går inn med restfinansiering.

Røysting:

Framlegg frå representanten Harald Rydland (KRF) fekk 2 røyster (KRF/FRP), og fall.
 Framlegg frå administrasjonen, med tillegg, fekk 4 røyster (H, AP og FRP)

Det ligg etter dette føre slik;

Tilråding til kommunestyret: (4 mot 1 (KRF))

Fitjar kommunestyre vedtek å endre budsjett for 2014 i tråd med saksutgreiing, til følgjande:

Budsjettskjema 1A	
Konto	Rev. Budsjett 2014
Skatt på inntekt og formue	-73 667 000
Inntektsutjamning	-749 000
Eigedomsskatt	-14 356 218
Ordinært rammetilskot	-95 107 000

Sum frie disponible inntekter	-183 879 218
Renteinntekter og utbytte	-2 028 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	4 180 030
Tap finansielle instrument	999 750
Avdrag på lån	7 714 561
Netto finansinntekter/-utgifter	10 866 341
Til dekning av tidlegere års regnskapsmessige meirforbruk	
Til ubundne avsetjingar	0
Til bundne avsetjingar	11 917
Bruk av ubundne avsetjingar	-578 301
Bruk av bundne avsetjingar	-1 854 569
Netto avsetjingar	-2 420 953
Overf. til investeringsrekneskapen	
Til fordeling drift	-175 433 830

Budsjettskjema 1B	
Konto	Rev. Budsjett 2014
Tilleggs- og nye løyvingar (A-1000)	3 325 000
Sum politisk leiling	2 931 081
Sum Administrasjon	10 646 579
Sum skule og oppvekst	66 452 531
Sum plan, utvikling og miljø	20 274 032
Sum VAR	469 067
Sum pleie- og omsorg	78 035 825
Sum kultur	2 756 579
Sum økonomisk forvaltning	-10 112 864
Pensjon	656 000
SUM Forbruk i driftseiningane	175 433 830
Meir-/mindreforbruk	0

Kommunestyret vel 5-års swaprente + 0,5 %-poeng som internrente for VAR.

Kommunestyret vedtek å ikkje setje av noko til skulefondet.

Kommunestyret vedtek å nytta:

- 478.301,- av disposisjonsfondet.
- 25.000,- av bunde skulefond.
- 100.000,- av velferdsfond til sjukeheimen.

Investeringsbudsjettet 2015:

Delinvestering til arbeids- beredskapsbåt kr. 250.000,-

* det vert sett som vilkår at Friluftsrådet og andre går inn med restfinansiering.

PS 65/14 Kommunereform i Sunnhordland

Framlegg til vedtak:

1. Fitjar kommune vedtek å delta i prosjektet «Kommunereform i Sunnhordland».
2. Prosjektet vert vedteke med mandat, organisering, framdriftsplan og budsjett som det går fram av saksutgreiinga.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Framlegg frå rådmann Atle Tornes om å leggja føre saka i kommunestyret.
Formannskapet drøfta saka.

Tilråding: (Samrøystes)

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

1. Fitjar kommune vedtek å delta i prosjektet «Kommunereform i Sunnhordland».
2. Prosjektet vert vedteke med mandat, organisering, framdriftsplan og budsjett som det går fram av saksutgreiinga.

PS 66/14 Høyring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Formannskapet drøfta saka, og ber om utarbeiding av uttale til høyringa frå dei politiske gruppemøta.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Tilråding: (Samrøystes)

Saka vert lagt føre utan tilråding.

PS 67/14 Utviklingsprogram for byregionar - Stord - lokomotiv for vekst og utvikling?

Framlegg til vedtak:

1. Fitjar kommune støtter opp om prosjektet UTVIKLINGSPROGRAM FOR BYREGIONAR - Stord – lokomotiv for vekst og utvikling?
2. Samarbeidsrådet som styringsgruppe får delegert fullmakt til å stå for den praktiske gjennomføringa.
3. Formannskapet ber om å verta halde orientert om framdrifta i prosjektet.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 68/14 Tariffoppgjeret 2014 - lokale forhandlingar

Framlegg til vedtak:

1. Ordførar leiar forhandlingane for arbeidsgjevar, rådmannen peikar ut resten av forhandlingsutvalet
2. Ordførar får fullmakt til endeleg godkjenning av resultatet på kommunens vegner

3. Det er ei målsetnad at lønsoppgjæret i kapitla med berre lokal lønsdanning (3 og 5) som hovudregel får omlag lik prosentvis utvikling som arbeidstakarane i det sentrale forhandlingskapitlet (4).
4. Resultatet blir lagt fram for formannskapet når forhandlingane er slutførde.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 69/14 Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek risiko- og sårbarheitsanalysen og godkjenner akseptkriterier slik det ligg føre i planen.
2. Forslag til førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak vert innarbeidd i det kommunale planverket.
3. Den kommunale beredskapsplanen og andre planar vert oppjustert og revidert i samsvar med tilrådingane i ROS-rapporten. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna beredskapsplanen. Rådmannen får fullmakt til å gjera årleg oppdatering av planen.
4. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) skal vere ein kontinuerleg prosess og analysen skal reviderast kvart 4. år eller ved endra risikotilhøve.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte om bakgrunn for saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

1. Kommunestyret vedtek risiko- og sårbarheitsanalysen og godkjenner akseptkriterier slik det ligg føre i planen.
2. Forslag til førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak vert innarbeidd i det kommunale planverket.
3. Den kommunale beredskapsplanen og andre planar vert oppjustert og revidert i samsvar med tilrådingane i ROS-rapporten. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna beredskapsplanen. Rådmannen får fullmakt til å gjera årleg oppdatering av planen.
4. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) skal vere ein kontinuerleg prosess og analysen skal reviderast kvart 4. år eller ved endra risikotilhøve.

PS 70/14 Sommarfullmakt 2014

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret gjev ordførar fullmakt til å avgjera saker som det må takast stilling til i sommarferien.

Formannskapet/kommunestyret ska ha melding om saker som vert avgjort i medhald av fullmakta.

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Saka vart trekt av administrasjonen, grunna handsaming i førre møte.

Vedtak:

Saka vart trekt.

PS 71/14 Tilgodehavande***. Forslag til minneleg løysing.**

PS 72/14 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 11.06.2014:

Spørsmål frå representanten Sigurd Andre Maraas (FRP) vedk. reguleringsplan i Bakken. Rådmann Atle Tornes orienterte. Dette er ein reguleringsplan for eit lite område nær dagtilbodet. Området skal nyttas til ressurskrevjande brukarar – ikkje klientar med rusproblematikk.

Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H) vedk. erstatning til Bakken Vel for areal til leikeplass, etter utviding av Bakken barnehage for nokre år sidan. Ba kommunen følgje opp ovanfor Soknerådet.

Rådmann Atle Tornes orienterte om at siste utspel var frå kommunen, og at ein ventar på tilbakemelding frå Bakken Vel.

Orientering frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Fitjar kommune har fått på plass nytt meldingssystem, der informasjon går via sms på mobiltelefon til innbyggjarane.

Det er laga ny Fitjarbrosjyre, denne er sponsa av ulike bedrifter.

Vedtak: